



# GAVLEN

2025 | 45. årgang

LIV

Pris 40,-



## Innhold

Føreord.....	s. 03
Aksla stadion .....	s. 04
Møbelarkiv fram i lyset .....	s. 06
You are the first lady-inspector in the trade, give it up – and go home.....	s. 08
Bunadbruk som verdensarv.....	s. 10
«Sunnmøre – i boks».....	s. 14
Dalepyntet fra Norddal – en raus gave til samlingene .....	s. 18
Båten og menneske .....	s. 20
20 år i førersetet for møbelvenene .....	s. 24
Buholmen-boka .....	s. 27
Vern mot storhavet – 150 år med fiskerihamner.....	s. 28
Pilfunn i fjellet .....	s. 33
Ingeborg Randine Brudevoll – ei bestemt, men omsorgsfull kvinne .....	s. 36
Kva har Viti i samlingane om då vi drøynde om Amerika?.....	s. 40

# GAVLEN

2025 | 45. årgang

Gavlen vert gjeve ut kvart år og er eit samarbeid mellom frivillige og Viti

Redaksjon: Cecilie Rørstad, Ingvil Eilertsen Grimstad, Eldar Høidal, Heidi Haugene og Frode Pilskog

Utgjevar: Viti

Grafisk design: Silja Haddal Mork

Trykk: Brisk Reklame

Framside: Ringshornbreen i Valldalsfjella, september 2024, er nesten heilt borte. Foto: Astor Furseth

ISSN 0333-2268

# Vern mot storhavet – 150 år med fiskerihamner

Visste du at fiskerihamnene langs kysten vår har vore sjølve livsnerven for mange lokalsamfunn i over 150 år? No kan du bli med og utforske historia til hamnene.

Frode Pilskog



Alnes er ei av hamnene som er omtala i utstillinga. Foto: Frode Pilskog

Kystverkmusea har, i samarbeid med Kystverket, lansert nettutstillinga: «Vern mot storhavet». Vi ønskjer å løfte fram historia om dei statlege fiskerihammene og den betydninga desse har for liv og næring langs kysten.



Den nye nettutstillinga har tittelen «Vern mot storhavet»

## Statlege fiskerihammer

Utbygging av statlege hamner var og er viktig for sikring av ferdsel langs kysten og utviklinga av fiskerinæringa i landet.

I byar og større tettstadar var det vanleg at lokale myndigheter eller private bygde ut og drifta hamnene. Uthamnene som låg nærmare fiskefelta, det vi i dag vil kalle avsidesliggende, vart eit statleg ansvar.

I 1841 vart Kanal- og hamnedirektorat oppretta for å organisere og styre dette arbeidet. I dag er det Kystverket som har ansvaret for dei statlege fiskerihammene.

For å utvikle og legge til rette for fiskeria var det naudsynt for staten å bygge hamner i form av moloar, dekningsverk og kaier. På enkelte stadar vart det også bygd brønnar slik at alle i fiskeværa skulle ha lik tilgang på ferskvatn. Hamner måtte mudrast for at det skulle vere djupt nok for fiskefartøya og innseglingar måtte tryggast. Det var stor slitasje på hamnene, og sand og grus kunne fylle opp hamnebassenga. Vedlikehald og nye byggetrinn var naudsynle.

Utbygginga av fiskerihammene var kostbart og tok tid. Dette endra seg frå 1873 då det vart oppretta eit hamnefond. Fondet vart finansiert gjennom ei avgift på eksport av fiskeprodukt. Midlar frå fondet kunne øyremerkast fiskerihamner, slik at 2/3 av kostnadane til ei hamn vart dekt av fondet. Den resterande 1/3 vart finansiert over statsbudsjettet. Dette førte til at ein raskare kunne bygge ut hamner over heile landet.

For å syne utbygginga av statlege fiskerihammer har vi laga ei tidslinje. Her kan du følge med utbygginga. Du kan sjølv velje årstal eller avgrense området. Frå nettsida kan du eksportere ut ditt eige kart.



Du kan sjølv følge utbygginga av fiskerihammer gjennom ei eiga tidslinje. Frå nettutstillinga «Vern mot storhavet»



Nordøyane er blant hamnene som er portrettert. Foto: Frode Pilskog

## Utstillinga

I arbeidet med nettutstillinga har vi gått gjennom hundrevis av gamle planhefte. Biletkarivet til Hamnevesenet inneholder tusenvis av fotografi av god kvalitet. Det meste er tilgjengelig fra Statsarkivet sine nettsider eller fra nettsida digitaltmuseum.no. På Nasjonalbiblioteket sine nettsider kunne vi bla oss gjennom lokalaviser fra heile landet. Musea har også fått låne biler fra etterkomrarar etter anleggsarbeidarane.

Vi har også vore på synfaringar der vi har fotografert hamnene både med drone og 360-graders kamera.

Til saman vart det bygd rundt 750 fiskerihamner. Om lag 200 av desse er framleis næringsaktive. For å avgrense utstillinga valde vi å lage «portrett» av 15 hamner.

## Hamneporett

I utstilling valde vi ut 15 hamner frå Vardø i nord til Brattestø i sør. Hamnene famnar ulike typar, store og små, nye og gamle. Nokre har endra seg lite, medan andre har vore påbygd og endra seg i over hundre år. Med hamneporettar vonar vi du kan følgje historia om korleis hamnene har utvikla seg over tid, både geografisk og teknologisk, i takt med fiskeria sine skiftande behov og regionane sine særpreg. Du får også eit innblikk i dagens aktivitet og korleis Kystverket held fram med å sikre gode hamneforhold for kysten vår.

## Sunnmørskje hamnebyggjarar

Mange sunnmøringer deltok i bygginga av fiskerihamner. I portrettet frå Nordøyane møter du smedguten Johan Strand frå Leikong. Som 16-åring spurte Johan etter arbeid hjå arbeidsformann Karl «Legå» Leganger. Strand forklarte sjølv at «å koma seg inn i Statens arbeid den tidi, var ansett som både ei stor lukke og ære». Sommaren 1907 arbeidde Leganger og arbeidslaget hans på Nordre Bjørnsund. Året etter stilte 40 mann fordelt på to arbeidslag på Nordøyane i Trøndelag. Her skulle det byggast moloar for å trygge fiskeria. Dette var særleg bra for eigaren av været, firmaet Oluf Holm A/S frå Ålesund. Johan Strand fekk seinare fast jobb i Hamnevesenet. Strand busette seg i Volda, men arbeidde over tretti somrar på ulike anlegg langs kysten. Dei to siste hamnearanleggna han arbeidde på var Volda og Alnes.

Silda var ei viktig hamn sør for Staden. I tillegg til fiskeria var hamna viktig som ventehamn for fartøy som skulle passere Stadhavet. I 1884 til 1888 bygde Hamnevesenet ei ny hamn på øya. På 1920-talet skulle hamna utvidast med to nye moloar. Arbeidsformann Peder Eikrem fekk også mynde til å bygge ei ny landgangskai. Blant anleggsarbeidarane finn ein også kvinner. Sommaren 1927 deltok systrene Petra og Ingeborg Hoggen frå Volda i hamnearbeidet. I nettutstillinga finn ein bilete frå fotoalbumet til Petra. Ein fersk smedlærling, Knut Foldal, fekk ei lang karriere i hamnevesenet. I 1972, etter snart 54 år i hamnevesenet kom Knut attende til Silda. Foldal leia arbeidet med å bygge på ein av moloane og utdjupe hamna.



Frå steinbrotet på Nordøyan sommaren 1909. Foto utlånt av Anne Årdal



Ingeborg Hoggen på hamnearbeid sommaren 1927. Ho poserer med dykkarkompressoren. Foto utlånt av familien Hoggen. Foto: Petra Hoggen



Bygging av molo i Skudeneshavn. Foto utlånt av Sigurd Langeland

I 1933 kunne lokalavisene melde at arbeidsformann Ole Martin Bye Langeland skulle ta over bygginga av hamnearbeidet på Skudeneshavn. Det var eit stort og omfattande arbeid som byrja i 1928 og var ferdig i 1938. Ole Martin Bye Langeland frå Hellesylt var ein erfaren hamnebyggjar. Tidlegare hadde han blant anna leia arbeida ved Iglandsviken i Bremanger og Sevlandsvik på Karmøy. Då Bye Langeland tok over arbeidet på Skudeneshavn hadde han med seg anleggsarbeidarar frå både Sunnmøre, Bremanger og Lista. Namn som Ole Frøsedal, Ole Langeland, Karl Tronstad og Hans Ringdal syner at sunnylvingane var godt representert. Ole Martin Bye Langeland busette seg på Karmøy.

### Fiskerihamnprosjektet

Nettutstillinga markerer slutten på eit fleirårig prosjekt frå Kystverkmusea. Målet var å gjøre denne viktige delen av norsk kystkultur kjent og tilgjengeleg for alle.

**Nettutstillinga finn du på heimesida til Kystverkmusea:**  
[www.kystverkmusea.no/havn](http://www.kystverkmusea.no/havn)

Prosjektet har også samarbeida med forfattaren Trond J. Hansen om utgjevinga av praktboka «Molo. Norskekystens mektige beskyttere». Boka kan kjøpast i museumsbutikken til Viti.